

Referat frå møte i rådet ved Institutt for framandspråk

Referatet er godkjent

Møtedato: onsdag 25. mars 2015.

Stad: Rom 301 i HF-bygget, Bergen.

Til stades:

Frå gruppe A: Ludmila I. Torlakova (arabisk), Myriam Coco (fransk), Reidar Veland (italiensk), Harry Solvang (japansk/kinesisk), Brita Bryn (russisk), Annette M. Jørgensen (spansk) og Kjetil Berg Henjum (tysk).

Frå gruppe B: Guro Sandnes

Frå gruppe C: Anna Polster

Frå gruppe D: Lars Ask

Sak 1 – godkjenning av innkalling og sakliste

Godkjende utan merknader.

Sak 2 – godkjenning av referatet frå 18. februar 2015

Godkjent utan merknader.

Sak 3 – orienteringssaker

- a. Instituttleiar og administrasjonssjef drøfta den vanskelege instituttøkonomien i møte med dekan og fakultetsdirektør 13. mars. Fakultetet tek over lønsutgiftene til dei to fast tilsette lektorane på russisk frå og med 1.1.2015, og instituttet får kompensasjon for undervisningsdelen av stillinga til Harald Ulland hausten 2015 (sjå brev frå fakultet 23.3.15, ePhorte 2015/3186). Økonomien er ikkje berre krevjande ved instituttet, men òg ved fakultetet.
- b. Søknadsfristen er gått ut for professorstillinga på arabisk (25 søkjarar) og dei to stillingane som førsteamanuensar i engelsk fagdidaktikk (11 søkjarar). Søknadsfristen for den utlyste stillinga som professor/førsteamanuensis i kinesisk er 1. april.
- c. Instituttet lyser ut to stipendiatstillingar med søknadsfrist 15. juni i år og tilsetjing 1. januar 2016. Stillingane er opne for søkjarar frå dei fleste faga og disiplinane ved IF.

Sak 4 – Nytt mandat for FFU

I punkt 2 blir «leiar» bytt ut med «instituttleiar». Følgjande formulering blir flytta frå *Mandat og oppgåver* til *Leiing, innkalling og referat*: «- bli orientert om forskingstildelingane ved instituttet (støtte til forskingsføremål, publisering, forskargrupper, o.a.)»

Vedtak (samrøystes): Rådet vedtek framlegget til nytt mandat for Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU) ved Institutt for framandspråk med dei justeringane som kom i rådsmøtet. Dei nye retningslinene gjeld frå og med haustsemesteret 2015.

Det nye mandatet er lagt ved referatet.

Sak 5 (ny sak) – Framlegg til endring i forskrifta til tenestemannslova

Det kom ikkje innvendingar mot synspunkta i utkastet til høyringsfråsegn instituttet hadde fått sendt over frå fakultetet.

Sak 6 - ymse

- A. Administrasjonssjef Uthaug minna møtelyden om at medlemne av rådet kunne fremja saker til drøfting i instituttrådet.
- B. Instituttleiari Johnsen varsla at ho ville sjå nærare på mandatet til instituttrådet og på arbeidet i rådet meir generelt.
- C. Veland tok opp planane om oppussing innvendig i HF-bygget. Rådet bad instituttleiinga ta opp følgjande synspunkt med fakultetet: Rådet er skeptisk til å prioritera nytt golvbelegg og peikar på at dette vil føra til mellombelse utflyttingar frå kontor. Dersom golvbelegget likevel vert skifta ut, må arbeidet planleggjast i god tid og gjennomførast med minst mogleg ulemper for dei som har kontor i bygget. Instituttet ønskjer uansett heller å prioritera gode kjøkkenkrokar i andre og tredje høgde og miljørom eller personalkantine for dei tilsette i bygget.

Åse Johnsen,
instituttleiari

Arve Kjell Uthaug,
administrasjonssjef

Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU)

1. Mandat og oppgåver

Forskings-, formidlings- og forskarutdanningsutvalet (FFU) er instituttleiars rådgivande og IFs koordinerande organ i saker som gjeld forskning, formidling og forskarutdanning. Utvalet får sitt mandat definert av instituttleiari i samråd med instituttrådet. Utvalet skal sjå til at instituttets målsettingar og langsiktige satsingar innanfor forskning, formidling og forskarutdanning blir nådde.

Forskning og formidling

Utvalet skal

- behandle forskingsmeldinga og forskarutdanningsmeldinga frå instituttet
- bli orientert om forskningstildelingane ved instituttet (støtte til forskingsføremål, publisering, forskargrupper, o.a.)
- drøfte spørsmål som gjeld forskinga ved instituttet, t.d. spørsmål om felles forskings-satsingar, profilering, publisering og internasjonalisering

Forskarutdanning

Utvalet har ansvaret for den kandidatspesifikke opplæringsdelen av doktorgradsprogrammet og for den lokale kvalitetsutviklinga av forskarutdanninga. Dette inkluderer mellom anna oppfølging av det nasjonale kvalifikasjonsrammeverket, eit overordna ansvar for utvikling og organisering av lokale emne og kvalitetssikring av samarbeid med lokale og nasjonale forskarskular.

Utvalet har, saman med instituttleiari, ansvaret for at alle kandidatar vert knytte til aktive forskingsmiljø, forskarskular eller forskargrupper.

2. Samansetting

Instituttleiar peikar ut representantar til FFU, som har følgjande samansetting:

- forskingsleiaren ved instituttet (leier utvalet)
- to representantar for forskargruppene (leiarar for to av forskargruppene)
- to representantar for språkdisiplinane
- tre representantar for litteratur- og kulturdisiplinane
- ein representant for fagdidaktikkdisiplinane
- to representantar frå gruppe B, av desse minst ein doktorgradsstipendiat

Så langt som mogleg skal ein sørge for at utvalet har ein brei representasjon frå alle språkfaga og at dei lokale forskarskulane er representerte.

3. Leiing, innkalling og referat

Utvalet blir leia av forskingsleiaren ved instituttet, og forskingskonsulenten er sekretær. Innkalling med sakliste skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Oversyn over kven som har fått forskingsmidlar ved instituttet, skal inkluderast i referat frå møtet (støtte til forskingsføremål, publisering, forskargrupper o.a.)